

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 22.06.2023

Vår ref.: 200806622-55 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Avgrensa høyring av søknad om utsett byggjefrist for Kråkeelvi kraftverk i Sogndal kommune

Det har kome inn ein søknad til NVE frå Sognekraft AS datert 09.06.2022, om å få forlenga byggjefristen for Kråkeelvi kraftverk med fem år, til 20.10.2027. NVE gav konsesjon til Kråkeelvi kraftverk i vedtak den 26.02.2016. Konsesjonsvedtaket blei påklaga til Olje- og energidepartementet (OED), som heldt NVE sitt vedtak ved lag i brev av 20.10.2017.

Etter vilkårspost nr. 2 i vassdragskonsesjonen må konsesjonær starte å byggje kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonsdato, om ikkje faller konsesjonen frå. NVE kan forlengje fristen med inntil fem nye år.

Alle relevante dokument i saka er tilgjengeleg på saka si nettside: www.nve.no/5186/V

Etter NVE si vurdering er ikkje saken så omfattande at ein krev kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden om forlenga byggefrist blir difor berre sendt på avgrensa høyring til Sogndal kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

NVE skal vurdere om det er nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje kan forlengast. NVE ønskjer derfor tilbakemeldingar dersom det har oppstått nye forhold som kan vera av betydning for konsesjonen sidan saka vart behandla i 2017. Vi ønskjer òg tilbakemelding dersom dykk veit om nye partar som saka vedkjem, slik at dei òg kan få høve til å uttale seg.

Vi ber Statsforvalteren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.

Fråsegn sendes på e-post til uttalelse@nve.no.

Frist for innsending av fråsegna er:

13.08.2023.



Med helsing

Brit Torill Haugen
seniorrådgjevar

Malin Solheim Olsen
førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Godkjent av Brit Torill Haugen
Seniorrådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
SOGNDAL KOMMUNE

Kopimottakarliste:

SOGNEKRAFT AS